

---

Saknr: 2020/42949-1  
Saksbehandlar: Anne Lene Norman

---

## Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		

## Søknad om støtte til Senter mot incest og seksuelle overgrep (SMISO) for driftsåret 2020

Forslag til vedtak:

1. Vestland fylkeskommune løyver 130 000 kr i driftsstøtte for 2020 til Senter mot incest og seksuelle overgrep, Sogn og Fjordane. Løyvinga vert dekkja av budsjettet til folkehelse under løyvingsnivå til Plan, klima og folkehelse.

## Samandrag

Senter for incest og seksuelle overgrep (SMISO) vart etablert i Sogn og Fjordane i 2012. Sogn og Fjordane fylkeskommune har støtta drifta av senteret med kr 100.000 årleg sidan oppstarten. For 2020 er det søkt om støtte på kr 130.000. SMISO skriv at dei er avhengig av fylkeskommunal støtte for å få utløyst statstilskotet, noko som er avgjerande for drifta deira. SMISO Hordaland fekk støtte frå Hordaland fylkeskommune for 2020 i budsjettåret 2019. Dei to sentra bør, slik fylkesrådmannen vurderer det, likebehandlast også i 2020. Årsaka til at støtte til SMISO avdeling Sogn og Fjordane kjem opp som politisk sak er at søknadsordninga til folkehelsemidlar i Vestland fylkeskommune er under endring i 2020.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Paal Fosdal  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

SMISO vart etablert i Sogn og Fjordane i 2012. Senteret gjev eit lågterskeltilbod til utsette for seksuelle overgrep og deira pårørande. I tillegg gjev senteret tilbod om kompetanseheving til hjelpeapparatet og samarbeidspartar.

Når barn vert utsett for vald og overgrep vert dette ekstra alvorleg fordi barn ikkje kan handtere dette åleine, men er avhengige av trygge vaksne og gode rammer. Eit viktig innsatsområde for SMISO i det førebyggjande arbeidet i Sogn og Fjordane har vore undervising til 6. trinn i grunnskulen.

Føremåla til SMISO er:

- Å kjempe mot og førebyggje seksuelle overgrep ved å synleggjere og motarbeide tilhøve i samfunnet som legitimerer, underbyggjer og opprettheld overgrep.
- Arbeide for å spreie kunnskap om incest og seksuelle overgrep og incest/overgrepsutsette sin situasjon ved informasjon og kunnskapsformidling.
- Vere eit lågterskeltilbod utan krav om tilvising.
- Samarbeide med det offentlege hjelpeapparat og andre aktørar som arbeider med overgrepssproblematikken.

SMISO er ei privat stifting som vert driven med offentlege midlar. Stiftinga er underlagt kontroll av Stiftingstilsynet. Senteret ligg i Førde, og Sunnfjord kommune er vertskommune. Senteret har eit styre samansett av fem personar med fagkompetanse.

Undervisinga i grunnskulen har vore det Sogn og Fjordane fylkeskommune særleg har gjeve støtte til. Måla for denne undervisinga har vore:

- Gjere barn medvitne om og styrka mot seksuelle overgrep og andre vonde og vanskelege opplevingar i livet.
- Førebyggje og legge til rette for å avdekke seksuelle overgrep og hjelpe dei utsette til å søkje hjelp.
- Hindre potensielle overgrep. SMISO tek opp konsekvensane av grenseoverskridande framferd; undervisinga kan difor bidra til å skape gode haldningar i høve til puberteten og utprøvande seksualitet i denne alderen.
- Heve kompetansenivået hos lærarar og andre som arbeider med barn.

### Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet har vedtaksmynde, jf. reglement for fylkesutvalet 2.1.7. Andre oppgåver Fylkesutvalet tek avgjerd i saker som ikkje ved lov, forskrift eller delegeringsvedtak er lagt til anna organ.

### Vurderingar og verknader

**Økonomi:** disponible midlar innan budsjettet til folkehelse under løyvningsnivå til Plan, klima og folkehelse

**Klima:** Ikkje relevant

**Folkehelse:** helseførebyggjande arbeid

**Regional planstrategi:** Ikkje relevant

Tilbakemeldingane etter undervisinga SMISO har gjennomført for 6. klasse elevar i Sogn og Fjordane fylke har vore udelt positive. Aktiviteten til SMISO, som er vorten støtta av fylkeskommunen, bør halde fram også i 2020.

Tilskotet frå fylkeskommunen bidrar til å sikre statleg overføring og drift for 2020. SMISO avd. Hordaland fekk støtte frå Hordaland fylkeskommune for 2020 i budsjettåret 2019.

Eventuell fylkeskommunal driftsstøtte vidare vil fylkesrådmannen kome attende til i samband med handsaming av budsjettet for 2021.

### Konklusjon

Fylkesrådmannen råar fylkesutvalet til å støtte Senter mot incest og seksuelle overgrep, avdeling Sogn og Fjordane med 130 000 kr i driftsstøtte for 2020. Eventuell fylkeskommunal driftsstøtte vidare vil fylkesrådmannen kome attende til i samband med handsaming av budsjettet for 2021.